



UDOKUMENTERT FRÅVÆR

1 HENSIKT

Hensikta med prosedyren er å få til tidleg koordinering av handling og ressursbruk retta inn mot elevar som har høgt, udokumentert fråvær frå undervisning i grunnskulen. Prosedyra skal gje gode rutinar for registrering og oppfølging av fråvær slik at eventuell skulevegning vert oppdaga tidleg.

Generelt:

- Dei fleste born og unge går på skulen frivillig og utan problem. Det er likevel nokon som har vanskar med å kome seg på skulen, og det er viktig med informasjon om korleis skulen møter elevar med høgt fråvær.
- Rektor må gjennomgå fråværsrutinane med sitt personal ved oppstart av kvart skuleår.
- Informasjon om rutinar må gis på foreldremøte, og ein må gje gode signal om kva som er «akseptable» fråværsgrunnar. Gode rutinar for kommunikasjon mellom heim og skule er viktig.
- TBU er viktige samarbeidspartar i saker der elevar har høgt skulefråvær.
- Høgt fråvær er:
 - Fråvær over 15% rekna over maks 3 månader.
 - Hyppige forseintkommingar.
- Tiltak etter prosedyra nedanfor skal dokumenterast med logg og møtereferat. Lagrast i eleven si mappe i Websak.
- Foreldre/føresette skal vere kjent med prosedyren.

2 OMFANG OG ANSVAR

Alle tilsette lærarar og leiarar i Sula kommune er ansvarlege for å følgje rutina.

3 HANDLING

	Dette gjer vi	Ansvar
1.	Kontaktlærer og faglærer skal registrere alt fråvær.	Kontaktlærer og faglærer
2.	Føresette skal levere skriftleg melding til skulen ved alt fråvær, også timefråvær. Etter avtale med kontaktlærer, kan melding om fråvær også gis over telefon, sms eller på mail. Viktig at melding vert gitt om morgonen ved fråvær.	Føresette
3.	Kontaktlærer skal ta kontakt med føresette dersom slik melding manglar.	Kontaktlærer
4.	Ved fråvær over meir enn tre dagar, skal føresette ta kontakt med skulen og melde frå om årsaka til fråværet.	Føresette
5.	Dersom skulen ikkje får melding frå føresette skal kontaktlærer ta kontakt med føresette.	Kontaktlærer
6.	Dersom ein elev byrjar å få høgt fråvær, skal kontaktlærer ta dette opp	Kontaktlærer



Dato: 02.06.2017
Antall sider: 2

	med elev og føresette, og drøfte tiltak. Kontaktlærer skal orientere leiinga ved skulen skriftleg. Elevar meg høgt frávær som kan skuldast kronisk sjukdom/eller er under behandling, skal levere legeerklæring. Rektor skal skriftleg informere føresette om plikt og rett til grunnskuleopplæring; jfr. Opplæringslova § 2-1.	Rektor
7.	Dersom fráværet held fram, får foreldre/føresette tilbod om samtale med helsesøster på skolen innan 14 dagar.	Rektor
8.	Held fráværet fram, kallar rektor inn til møte med føresette, elev, kontaktlærer og helsesyster innan 14 dagar. Rektor informerer føresette om aktuelle tilbod. Rektor vurderer om saka skal meldast til barnevern.	Rektor
9.	Gruppa (jfr. Punkt 8) drøftar eleven sin situasjon og utarbeider konkrete tiltak. Gruppa drøftar vidare tiltak på skulen sine tverrfaglege samarbeidsarenaer. Skulen kan, med foreldre sitt samtykke, melde saka vidare til PPT, SamBa eller gje råd om at foreldre tek kontakt med fastlege for henvisning til BUP. Dersom det er mistanke om omsorgssvikt, eller eit barn viser vedvarande alvorlege åtferdsvanskar, har skulen plikt til å informere barnevernstenesta. I saker med høgt frávær skal skulen underrette føresette om melding til barnevernet.	Rektor
10.	Ved melding til barnevernstenesta, er barnevernet ansvarleg for å vurdere meldinga. Jfr. Lov om Barnevern § 4-3. Konklusjonen på ei eventuell, samt føresette sitt samtykke, vil avgjere kva tiltak barnevernstenesta kan sette inn.	Føresette/barnevern

4 REFERANSER

Opplæringslova

Barnevernslova

5 Vedlegg

Informasjonsbrosjyre til foreldre/føresette.